

Kan planta ut det meste

05.04.2011



Gro med blomar ho kan anbefala akkurat no

Det er pluss 10 og vår i lufta, men kor langt kan ein drista seg til å gå med omsyn til å planta blomar ute? Lukkelegvis har vi ein ekspert i bygda som kan gje oss eitt svar på det spørsmålet. Ho heiter Gro Hjelmeland og handlar med blomar - ho er ein av mange plussfaktorar i Uskedalen!

- Ein kan plante ut det meste, men sjølvsagt må ein då vera førebudd på negative overraskingar så tidleg på våren, seier Gro og smilar omkapp med stemorsblomane som står høgt oppe på den aktuelle lista Dei tåler nokre minusgrader, kanskje så mange som 5.
- Kva kjem deretter på lista over blomar du kan anbefale planta noi april?
- Det er fleire ein kan freista og først kan eg nemna påskeliljer, som kjem på linje med stemor. Så kan eg ta med perleblomst, ranunkel og sjølvsagt lyng, men det er også fleire som er aktuelle.

Når det elles gjeld påska i år, er den jo uvanleg sein. Difor tykkjer eg at det er rett å satsa på påskeliljene allereie no. Hvis ein skal vente til påska, er sesongen for påskeblomar med eitt over og så kjem sommarblomane.

- Korleis går handelen forresten, er det hardt å konkurrera med dei store?- Eg er framleis godt fornøgd med salet. Eg har funne min plattform og det betyr at eg slett ikkje satsar på å bli stor.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen